



Ing. Asbjørn Danielsen AS  
Fabrikkgaten 5  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2922 - 15/8539

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.04.2015

## Avvist søknad om igangsetjingsløyve - tiltak på gbnr 137/201.

**Administrativt vedtak. Saknr: 133/15**

### SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for heile tiltaket på gbnr 137/201.

Det vart gitt rammeløyve og dispensasjon i vedtak datert 09.10.2014, på vilkår. I vedtaket står det mellom anna:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå Kommunedelplan Knarvik-Alversund når det gjeld punkt 2.3 i bestemmelsane (plankrav) for bruksendring av underetasje til leilighet på gbnr 137/201 på følgjande vilkår:**

- 1. Det skal dokumenterast uteopphaldsareal av tilfredsstillande kvalitet på 200 m2 per bueining.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 d vert det gjeve rammeløyve for bruksendring av underetasje på gbnr 137/201 i samsvar med søknad stempla mottatt 24.03.2014 med supplerande dokumentasjon mottatt 09.06. og 27.08.2014 og på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 27.08.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**
- 3. Før det vert gjeve igangsetjingsløyve skal**
  - vilkår gjeve i dispensasjonsvedtaket vera tilfredsstillande dokumentert,**
  - skal utvida avkjøringsløyve til kommunal veg liggja føre,**
  - skal det dokumenterast rett til å knyta 2 bueiningar på eigedomen til private VA-leidningar**
  - skal det dokumenterast rett til bruk av privat veg for 2 bueiningar på eigedomen**



I vedtak datert 15.04.2015, som gjeld søknad om endring av løyve og godkjenning av ansvarsrettar, er det gitt avslag på søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 26.03.2015.

#### **VURDERING**

Igangsetjingsløyve kan ikkje gjevast før vilkåra i rammløyve er oppfylt, ansvarsrettar tildelt og kontrollomfanget er avgjort, jf pbl § 21-4.

Det er ved innsending av søknaden ikkje dokumentert tilfredsstillande uteoppfallsareal, jf vilkår i gitt vedtak om dispensasjon. Naudsynte ansvarsrettar ligg heller ikkje føre, jf. vedtak med avslag på søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll.

Kommunen vurderer at vilkåra for å gje igangsetjingsløyve slik det er søkt om, ikkje er stetta, jf pbl § 21-2, og at søknaden er for mangelfull til å kunne handsamast. Søknaden vert avvist.

#### **VEDTAK**

Med heimel i pbl. § 21-2, avviser Lindås kommune søknad om løyve til igangsetjing av tiltak mottatt 26.03.2015.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2922

#### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.11	Avvist sak	1	Kr 2 200,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

#### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
Avd.leiar byggesak

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Elisabeth og Henning Knutsen                      Stølen 37                      5911                      ALVERSUND

#### **Mottakarar:**

Ing. Asbjørn Danielsen AS                      Fabrikkgaten 5                      5059                      BERGEN